


# Velkommen til trusopplæringa i Brynekyrkja



I kyrkja ønskjer me born og unge velkomne. Kyrkjene i Time har ein eigen plan for trusopplæring der me sender ut invitasjon til ca. eitt arrangement for kvart årskull. Med dette håper me å skapa tilbod som gjer at born og unge vert kjende med kyrkja si, og ønskjer å koma tilbake, anten til trusopplæringstiltak og/eller i det kontinuerlege arbeidet i kyrkja vår.

Gjennom dåpen gjer Gud oss til sine barn og til ein del av kyrkja. I dåpen får foreldre og fadrar ansvar for å læra opp borna i trua dei er døypt til. Dei aller viktigaste erfaringane med tru får borna heime. Kyrkja ønskjer å vera medspelar og ressurs for foreldra i denne kristne oppsedinga. I trusopplæringa er samlingane prega av varierte former, som t.d. song og musikk, leik, forteljing, dramatisering, utprøving og etterforsking, smågrupper og gudsteneste mm.



# Trusopplæringstiltak i Brynekyrkja

## 0 år - Dåp og dåpssamtale

Eit møte mellom prest og føresette før eit barn blir døypt. Presten fortel om dåpen, fadderoppgåver og viser kva me har i kyrkja vår av trusopplæringstiltak som barnet får tilbod om å ver med på i åra som kjem.




## 0-1 år - Babysong

8 samlingar der song, musikk og samhandling mellom foreldra og babyen er i fokus. Små barn opplever sterkt gjennom sansing, derfor er musikk ein unik måte å kommunisere med det vesle barnet på! Gjennom rytme og klang i ord og tonar opplever barn og vaksne eit eige samspel. Nå me syng i lag blir det ofte eit "frirom" der babyen i lag med mor eller far får lytte til musikk, vere med på enkle øvingar og høyre og syngje gode songar.



## 1 år Småbarnstrall

Det halvåret barnet fyller eit år blir det invitert til ei ny songsamling som me kallar for småbarnstrall. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar som er tilpassa barn i 1 års alderen.



## 2 år - Undretur i Bryne Kyrkje

Songsamling med songkort og undretur i kyrkja vår. Barna får bli meir kjent med kyrkja vår og får blant anna sjå på døypefonten, altertavla, får høyre og prøve kyrkjeorgelet. Me har ei lita song samling, tenner lys og går på ein undretur rundt i kyrkja. Me får smaka, lukta, høyra, kjenna og sjå. Så får me læra om korleis kyrkjeorgelet lager den fine musikken som blir spelt når me er i kyrkja.



Barnet får med seg ein heilt ny song- pose heim. Dette er song kort som me har laga her i kyrkja vår, der me har valt ut 20 forskjellige songar til dei fine bileta som er på korta. På Song korta er det og ein eigen QR-kode med lyd til kvart kort. Utanpå posen får barnet laga eit handtrykk og skriva namnet sitt.

## 0-6 år - Barnemesse

Ettermiddagsgudsteneste for barn og føresette med enkel liturgi og nattverd. Vandringsgudsteneste for familiar, tilrettelagt for små barn. Barnemessa er felles for Bryne, Time og Undheim. Me startar med pølsemiddag, og held fram med ei vandring i kyrkjerommet med bibeltekst, lystenning, song og nattverd, alt på barna sine premiss.



## 3 år - Krøllekveld

Det året barnet blir 3 år får det ein invitasjon til å koma på «Krøllekveld». Saman skal me lesa og høyra om ein liten sau som gjekk og me skal leite etter sauer i kyrkja. Alle barn som kjem på samlinga vil og få med seg heim kvar si bok «Kvar er krølle?»



## 4 år – Fireårsklubb og barnebibel

Det året barnet blir 4 år får det ein invitasjon til å koma på «4 års klubb» og gudsteneste med utdeling av barnebibel.

4 års klubben består av to samlingar i kyrkja på ettermiddagstid, der me høyrer bibelhistorier, lager noko fint og et litt saman.



## 5 år - Barnekor og invitasjon til felles kor kick-off.

Me har fleire kjekke barnekor i kyrkjelydane våre. Som ein del av trusopplæringa så inviterer me alle 5-åringar til eit felles kor kick-off. i Bryne kyrkje. Me får besøk av Jarle Waldemar denne kvelden. Kora som blir med er Jungelkoret i Brynekyrkja, Lye barnegospel på Lye forsamlinghus og Supermix i Undheim kyrkje. Me har plass til fleire songarar og håpar mange har lyst til å prøve ut kora våre. Invitasjonar vert sende ut til 5-åringane i Undheim, Time og Bryne etter sommarferien. Andre aldersgrupper er også velkomne!



## 5 år – Orgelknappen og Adventsklubb

Når barnet er fem år får det invitasjon til å koma på «Barnas påske», ei gudsteneste rett før påske. I etterkant av gudstenesta får me bli med organisten til kyrkjeorgelet. Me får læra korleis orgelet lager lyd og me får prøva å spela. Barnet får med seg ein diplom etter samlinga «Orgelknappen».



Når Jula nærmar seg får barnet invitasjon til å koma på adventsklubb. Her får me høyre juleevangeliet, synge julesongar, lage julepynt og smake på julekaker.

## 1. klasse – Dåpsskulen

I kyrkjene i Time har me ein eigen «skule» for dei som går i første klasse. Me kallar han for DÅPSSKULE. På dåpsskulen har me det kjekt i lag. Me høyrer bibelforteljingar, syng og leikar saman, og så får me alltid noko godt å eta.



Me skal læra om Jesus, om venskap og tilgjeving, og om påsken. På laurdagen får alle kvar si bok «Tre i eit tre», om tre vener som har ein hemmeleg klubb i eit tre. Avslutning med gudstenesta «Barnas påske».

## 2. klasse – Aktivitetsdag og Pinsefart

Alle 7-åringar i Time blir om hausten invitert til ein heil dag saman i Undheim kyrkje. Her er mye kjekt med aktivitetar, samling, matlaging og tur med sporleik. Tema for dagen er «Gud skapar – me lagar».



Om våren får dei invitasjon til pinsefart. Det er tre kjekke samlingar der me lærer om Kristi Himmelfart og pinse. Kva har ballongar og popkorn med Den Heilage Ande å gjere? Kva er koden for å finna skatten? Kven er på vinnarlaget? Kor blei Jesus av etter Kristi Himmelfart, og kor er han nå? Når har kyrkja bursdag? Det er mykje spennande me skal finne ut i løpet av tre samlingar i saman. Me har aktivitetar inne og ute, samling, me lagar noko, testar ut vindsus, ballongleik og mykje meir.



### 3. klasse – Tårnagenthelg

Det året barnet går i 3.klasse får det ein invitasjon til å koma på «Tårnagent helg». Saman skal me løysa mysterium, læra gode agenttips, gå på symboljakt i kyrkja, følgje spor og teikn for å løyse ulike oppdrag. Alle barn som kjem på samlinga vil og få med seg boka «Skattar frå Bibelen». Me deltar med agentoppdrag på ei gudsteneste.



### 4. klasse – På sporet av Jesus

I Bibelen kan ein lesa om fleire personar som møtte Jesus. Men kven var dei? Kva tenkte dei? Og korleis påverka møtet med Jesus livet deira? Kan me lære noko om kven Jesus er når me høyrer historiene dei fortel?



Me vil invitera deg til ein spennande ettermiddag på Undheim. Me skal ha stasjonar både inne i og utanfor kyrkja. Me får møta fleire personar frå bibelen, og høyre om deira møte med Jesus. Etterpå er det tacofest. Dette blir ein dag med aktivitetar inne og ute, der me ønsker å vise korleis Jesus møtte menneska rundt seg.

### 5. klasse – Lys vaken

Vil du vera med på Lys vaken? Det året barnet går i 5 klasse blir det invitert til Lys vaken i kyrkja.

På «Lys vaken» skal me vera i lag fleire timar utover laurdagskvelden i kyrkja. Lys vaken handlar om å vera lys vakne for det som skjer rundt oss. Me skal vera lys vakne for oss sjølve, for kvarandre og for Gud.

Me skal leike, bli kjent med kvarandre, utforske kyrkja, syngja, høyra frå bibelen, ete god mat saman og sjå film. Me avsluttar med gudsteneste og utdeling av «Nye Testamentet».

Og for dei som vil blir det overnatting i kyrkja!



**LYS  
VAKEN**

#### **4-7. klasse – 9:13 i Bryne kyrkje**

Når barnet går i 4. klasse blir det invitert til å bli med på 9:13. Ei samling for dei mellom 9 og 13 år, ca. ein torsdag i månaden, med ulike grupper, bibeldig og mat.

Me startar felles, så går ungane i dei gruppene dei vil. Gruppene varierer frå gong til gong, men det er som oftast dansegruppe, lagegruppe, matgruppe og fri gruppe med Playstation, bordtennis, Nintendo, ishockeyspel, brettspel og meir. Etterpå samlast me til felles Bibeldig-samling. I denne samlinga høyrer me ei forteljing og har enten skodespel eller ein aktivitet knyta til forteljinga. Siste delen er at me et i lag. Då et me av det som matgruppa har laga. Det er ei eiga Crew-gruppe for dei som går i 7. klasse.



#### **Etter skuletid**

Ca 1 tysdag i månaden samlast ei gruppe med 3 - 7. klassingar i Brynekyrkja rett etter skulen, kl. 13-15. Me startar med å ete Grandiosa saman, så leiker me litt, ser på teksten for sundagens gudsteneste, og planlegg og øver til Familiefokusgudstenesta som kjem kommande sundag.

#### **Jungelkoret**

Koret er for alle frå 4 år og oppover. Øving annankvar torsdag i partalsveker kl. 17.15-18.30 i Bryne kyrkje. Me syng ein halvtime, har ein liten barneandakt og et kveldsmat saman etterpå. Ta med nistepakke.

#### **Allegro**

Allegro er Brynekyrkja sitt kor for alle frå 3 klasse og oppover. Annankvar torsdag (i partalsveker) kl. 18.00-19.00. Møt opp i kyrkjesalen i Bryne kyrkje

## 9. klasse – konfirmasjon

I slutten av 8. klasse får ungdomar invitasjon til å melde seg på som konfirmantar det året dei går i 9.klasse.

Konfirmasjonsopplegget vårt går over eit skuleår. Me lærer om kyrkja og den kristne trua, kven Jesus er og kva han har gjort for oss. Me tar opp etiske spørsmål og er med på Kirkens nødhjelps fasteaksjon. Me deltek på gudstenester med og utan oppgåver. Enten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig, er du velkommen til konfirmasjon i kyrkja.

Konfirmasjonstida i kyrkja er ei spanande tid. Enten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig, er du velkommen til konfirmasjon i kyrkja. I konfirmasjonstida får du læra meir om deg sjølv og om Gud. Du får anledning til å reflektera over nokre av livet små og store spørsmål saman med andre. Me snakkar om sorg og glede, tvil og tru. Bli med på ei spennande reise fram til den høgtidelege konfirmasjonsdagen



# KONFIRM AN ✦

## Hovudmålet for trusopplæringa er:

- Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle born og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.
- Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte born og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud: Gud – skaparen, Jesus – frelsaren, Den Heilage Ande – hjelparen.
- Me deler tru og undring
- Me deler kristne tradisjonar og verdiar.
- Me deler opplevingar og fellesskap.
- Me deler håp og kjærleik.

Me ønskjer at trusopplæringa kan gi born og unge eit møte med Jesus slik at dei kan få veksa i trua og oppleve at dei høyrer heime i kyrkja si.

## Kontaktinfo:

### Tone Vold

(Kyrkjelydspedagog i Brynekyrkja)

Mobil: 918 81 818 eller

epost: [tone.vold@timekyrkja.no](mailto:tone.vold@timekyrkja.no)

### Ragnhild Hanssen

(Kyrkjelydspedagog Time og Undheim)

Mobil: 990 22 872 eller

epost: [ragnhild.hanssen@timekyrkja.no](mailto:ragnhild.hanssen@timekyrkja.no)

### Marit Høie Hetland

(Diakon og trusopplærar Bryne)

Mobil: 911 63 039

eller epost: [marit.hetland@timekyrkja.no](mailto:marit.hetland@timekyrkja.no)

### Ingfrid Time Nærland

(Kateket, Bryne, Time og Undheim)

Mobil: 401 67 222 eller

epost: [itn@timekyrkja.no](mailto:itn@timekyrkja.no)

